

Tillegg til:
Analyse av arbeidet med ny rettskriving for
nynorsk

—

Notat til Kulturdepartementet

Norskt Måldyrkingslag
Ivar Aasen-sambandet

12. september 2011

Norskt Måldyrkingslag er eit sjølvrådande akademi for det norske målet. Laget driv med opplysing om og dyrking av det norske målet, og vil gjera målet til ein god reidskap på alle omkverve i samfunn og tankeheim. Måldyrkingslaget vart skipa i 1928 og gjorde opptak til *Norsk Ordbok* i 1929.

Kontakt: Thorgeir Holm på *thorgeirholm [hjá] yahoo.no*

Ivar Aasen-sambandet er landssamskipnad for ei rad mållag. Sambandet verkar for kunnskap om og rettane til eit høgnorsk normalmål på nedervd norsk målgrunn. Ivar Aasen-sambandet vart skipa i 1965.

Kontakt: Sergej Alexander Munkvold på *munkvold [hjá] gmail.com*

Hugsa på miljøet og skriv ut på bae sidor so framt du treng utskrift.

Dette dokumentet er laga i X₃AT₃E₃X.

Innhald

Innhald	iii
Føreord	iv
1 Ny rettskriving for nynorsk byggjer på bokmålstekster	1
2 Auka kompleksitet i verbbøyingi	3
2.1 Stutt- og langformer av verb	4
2.2 Blanda e- og a-bøying	4
2.3 j-innskot etter <i>g</i> og <i>k</i>	5
3 Substantivbøying	7
3.1 Genus i substantiv på <i>-sel/-sle</i>	7
3.1.1 Talemåls- og skriftgrunnlag	7
3.2 Bøygde former av framandord på <i>-on, -ium, -ius, -um, -us</i>	10
3.3 Samandraging av trykklinn ending i bøygde former	11
4 Ulike former	13
4.1 Suffiks i adjektiv og adverb	13
5 Merknader til ord og former	14
Avstyttingar	17
Corrigenda	18

Føreord

Dette er eit tillegg til «Analyse av arbeidet med ny rettskriving for nynorsk» som me sende inn til Kulturdepartementet 14. august i år. Tidi gjorde det naudsynt å senda inn notatet so tidleg som råd var. Det omframe tilfanget i dette tillegget endrar ikkje på konklusjonane i det fyrste notatet, men styrkjer dei i stor mon.

Me har med dette dokumentert ei gjennomgåande fagleg likesæla i arbeidet med ny rettskriving, serleg i styret i Språkrådet, som har fenge innspel frå eigne fagorgan om sumt av det som har vore åfått med arbeidet, men som sjølv ikkje hadde faglege føresetnader til å skjøna inneburden av motleggi, og valde å stydja innstillingi på reint politisk grunnlag. Den språkpolitiske sida av dette er eit framhald av samnorsk-ideologien.

Vert denne nye rettskrivingi gjeldande frå 2012, vert det eit underleg opptak til høgtidingi av 200-åremålet for Ivar Aasen å ha avskipa skriftmålet hans som offisielt språk i Noreg. Offisiell nynorsk vert då ein kaotisk regionalvariant av bokmål.

Det er likevel mange som vil halda ved å nytta tradisjonell nynorsk. Det vert spanande å sjå korleis Kulturdepartementet vil integrere det nedervde norske målet i norsk språk- og kulturpolitikk dersom det skal ekskluderast heilt frå offisiell nynorsk, slik det er lagt opp til.

Sergej Alexander Munkvold

Thorgeir Holm

Ny rettskriving for nynorsk byggjer på bokmålstekster

Sentralt i arbeidet til rettskrivingsnemndi har «det nynorske tekstkorpuset», tekstkorpuset til Norsk Ordbok 2014 som er under oppbygging, stude. Dette korpuset har rettskrivingsnemndi nytta til å argumentera for og imot valfrie former på grunnlag av frekvensen i søkjetilslagi frå databasen til korpuset. I dette korpuset er det store mengder reine bokmålstekster.

Ofte har rettskrivingsnemndi berre lagt tekster frå dei tjue siste åri til grunn for normeringi («unge nynorskbrukarar»). Difor har me i fyrste venda lagt til grunn tilfang frå 1990–2011 i vårt søk etter bokmålstekster i korpuset. Me har berre søkt etter eksplisitte bokmåls- og nynorskformer, i eksplisitte samanhengar. Me kom fram til:

nynorsk		–	bokmål	
skotet:	227	–	skuddet:	240
seinaste:	437	–	seneste:	44
dei var ikkje:	95	–	de var ikke:	6
dei eig:	48	–	de eier:	13
hadde skrive/skrivi/*skreve:	509	–	hadde skrevet:	38
mange/fleire veljarar:	60	–	mange/flere velgere:	27
(til) sals:	459	–	(til) salgs:	113
frå Noreg:	682	–	fra Norge:	284
brotet:	275	–	bruddet:	80
lågast:	314	–	lavest:	97

Samla gjev dette 23,3 % reine bokmålstekster for bolken 1990–2011 (nynorsk: 3106 – bokmål: 942). Dei seinare tekstene i korpuset er usorterte; difor aukar prosenten bokmålstekster for dei seinare åri, men tilfanget i bolken 1990–2011, som me har søkt i, er 81,3 % av alt tilfang i korpuset (1866–2011). Eit tilsvarande søk på alt tilfang i korpuset (1866–2011) gjev 20,3 % bokmålstekster. Noko kan vera «nynorsktekster» med sterk bokmålsinterferens, og ein kunne ha søkt etter fleire former, men 23,3 % for 1990–2011 og 20,3 % for 1866–2011 med bokmålstekster i våre søk viser ein klår tendens. Dette fær konsvekvensar for utveljingi av tradisjonelle nynorskformer i tevling med bokmål-nynorske samformer og for nyinnførde former frå bokmål, og for formspriken.

Nemndi nemner ikkje i innstillingi interferens av bokmålstekser ved søk i korpuset, anna enn ved eitt tilfelle (s. 118) – i dryftingi av vekenamnet måndag/mandag:

«Dag og Tid, Hallingdølen og Firda har ein god del *mandag*, men nokre treff kan vera frå bokmålstekstar».

Men når minst 99 % av desse tilslagi av *mandag* i Firda er frå bokmålstekster, må me kalla atterhaldet «nokre treff kan vera frå bokmålstekstar» ein eufemisme. Eit konkret døme på utslag av bokmålsinterferens i innstillingi er at *ferdselen* er oppført med 36 tilslag, der 8 tilslag kjem frå bokmål (jf. innstillingi s. 134). Det verkar soleis som nemndi ikkje har gjort serleg mykje for å skilja ut bokmålstekster i arbeidet sitt.

Auka kompleksitet i verbbøyingi

Som me ser av lista under, aukar valfridomen i bøyingsi av verbi (mange av dei frekvente). I tillegg til desse nyinnførde formene, er det ei rad former som kjem ut or klammeformstenget, soleis at me må venta at den bruksvekta valfridomen aukar endå meir, t.d. dei frekvente *dreg* [drar] : *drege* [dradd el. dratt]; *let* [lar] : *late* [latt]; *tek* [tar] : *teke* [tatt]. I tillegg til dette kjem alle verb som no fær valfritt j-innskot, og dessutan nyinnførde former utan j-innskot, t.d. *følgja* [fylgja] → *følgja* el. *følga* el. *fylgja*; *ynskja* el. *ønskja* → *ynskja* el. *ynska* el. *ønskja* el. *ønska*.

Me legg elles til grunn at formvariantane *take* : *teker* : *teki* attåt *taka* el. *ta* : *tek* : *teke* er so systematiske og skapar so lite vildring, at det er rett å taka dei ut or oppstillingi under.

Former ut og mindre valfridom (jf. innst. s. 196, 205–6):

- *lima* : *limar* : *lima* : *lima*; el. *lima* : *limer* : *limde* el. *limte* : *limt* → *lima* : *limer* : *limde* el. *limte* : *limt*
- *strekka* [strekka] : *strekker* [strekker] : *strakte* el. *stekte* : *strakt* el. *stekt* → *strekka* el. *strekka* : *strekker* el. *strekker* : *stekte* : *stekt*
- *treda* el. *tre* : *trer* el. *tred* : *trod* el. *tro* : *trede*; el. *trer* el. *treder* : *tredde* : *tredd* el. *tredt* → *tre* : *trer* : *tredde* : *tredd* el. *trett*
- *trå* : *trår* [trær] : *trådde* el. *tro* el. *trod* : *trådd* el. *trått* el. *trede* → *trå* : *trår* : *trådde* : *trådd* el. *trått*

I tillegg til bolken ovanfor kjem desse frekvente verbi (jf. inst. s. 192–3):

- *få* : *får* [fær] : *fekk* [fikk] : *fått* [fenge] → *få* : *får* : *fekk* : *fått*
- *gå* [ganga] : *går* [gjeng] : *gjekk* [gikk] : *gått* [gjenge] : [imp. gakk] → *gå* : *går* : *gjekk* : *gått*
- *slå* : *slår* [slær] : *slo* : *slått* el. *slege*¹ → *slå* : *slår* : *slo* : *slått* el. *slege*
- *stå* [standa] : *står* [stend] : *stod* [sto] : *stått* [stade] : [imp. statt] → *stå* : *står* : *stod* : *stått*

I røyndi er *gå* og *ganga* ulike ord, sameleis *stå* og *standa*.

¹ Sameleis slåst.

Nye former inn og auka valfridom (jf. innst. s. 204–6):

- *brøyta : brøyter : brøyttē : brøytt* → *brøyta : brøyter : brøyttē : brøytt*; el. *brøyta : brøytar : brøyta : brøyta*
- [*drønna : drønner : drønte : drønt*] → *drønna : drønner : drønte : drønt*; el. *drønna : drønnar : drønna : drønna*
- [*dønna : dønner : dønte : dønt*] → *dønna : dønner : dønte : dønt*; el. *dønna : dønnar : dønna : dønna*
- *gremma : gremmer : gremde [gremte] : gremt [gremd]* → *gremma : gremmer : gremde* el. *gremte : gremt*; el. *gremma : gremmar : gremma : gremma*
- *lada : lader : ladde : ladd* el. *ladt* → *lada : lader : ladde : ladd* el. *ladt*; el. *lada : ladar : lada : lada*
- *leia : leier : leidde : leidd* el. *leitt* → *leia : leier : leidde : leidd* el. *leitt*; el. *leia : leiar : leia : leia*
- *nyta : nyt : naut : note* → *nyta : nyt : naut : note* el. *nytt*
- *skada* el. *ska : skader* el. *skar : skadde : skadd* el. *skadt* → *skada* el. *ska : skader* el. *skar : skadde : skadd* el. *skadt*; el. *skada : skadar : skada : skada*
- [*stønna : stønner : stønte : stønt*] → *stønna : stønner : stønte : stønt*; el. *stønna : stønnar : stønna : stønna*
- *trena : trenar : trena : trena* → *trena : trenar : trena : trena*; el. *trena : trener : trentē : trent*
- *veksa : veks : voks : vakse* → *veksa : veks : voks* el. *vaks : vakse*

2.1 Stutt- og langformer av verb

Ei skjønnsam endring av nemndi i det endelege framlegget frå høyringsutkastet er at nemndi held på langformene attåt stuttformene i linne og sterke verb, t.d. *gli(da)*, *ri(da)*, *stri(da)*, *dra(ga)*, *ta(ka)*; desse langformene kjem dessutan inn i (medio)passiv (*ta-kast*), presens partisipp (*takande*) og nomen agentis (*takar*). Den nominelle valfridomen vert soleis ikkje mindre, men variasjonen er likevel systematisk – dét er betre enn ein asymmetrisk variasjon med ei rad undantak, slik høyringsutkastet målbar². Me stussar likevel over at nemndi tek ut skarve to langformer, *treda* og *skruva* (jf. innstillingi s. 183). Uttaket tener ikkje noko føremål.

2.2 Blanda e- og a-bøying

Nemndi ynskjer å halda fram høvet til blanda bøying av verb som kan ha e- og a-bøying, jf. pkt. 3.5 «Blanda bøying» i innstillingi. Soleis at tri variantar «skal kunna brukast utan å gje feil»:

² I høyringsutkastet ville nemndi halda på langformer som t.d. *lida*, *rida*, *skada*, *vada*, men taka ut langformer som *beda*, *fløda*, *sklida*, *svida*, der dei samsvara med bokmål. Det er ikkje tvil om at det for dei påhaldne langformene låg ei bokmålsuttala med uttala *d* til grunn.

e-bøying:	bruka – bruker – brukte – brukt
blanda bøying:	bruka – brukar – brukte – brukt
a-bøying:	bruka – brukar – bruka – bruka

I fråsegnen til dette punktet i innstillingen skriv fagråd 3:

«Blanda bøying står sterkt i talemålet i nynorskområda og i det nynorske skriftmålet. F3 går ikkje imot det, men vil peika på at dette er eit kompliserande systemdrag dersom ein tenkjer seg at reglane for blanda bøying skal gjerast eksplisitte i undervisningssamanheng eller språkverktøy for einskildverb. Blanda bøying blir då eit ekstra bøyingsparadigme for alle verb med både e-bøying og a-bøying, ettersom det ikkje er tale om fri blanding av dei to andre paradigma. Dette er difor også eit framlegg som dreg i retning av at det oppstår undernormer.»

Men blanda bøying i talemålet og i skriftmålet er to ulike fenomen. Det er ikkje her tala om å føra inn eit system i skriftmålet som samsvarar med talemålet i luter av landet. Difor kan heller ikkje talemålet vera nokor rettesnor. Systemet med blanda bøying i det nynorske skriftmålet har eit heilt anna opphav – samnorsknormering og bokmål. T.d. finn me desse verbi med blanda bøying i nynorsk skriftmål att i bokmål med preteritum *-te* (eller *-de*), d.e. nynorsk: *baka, bruka, leita, lika, lova (-de), rosa, svara (-de), ropa, smaka, spela (-te), streva (-de), våga (-de)*, og bokmål: *bakte, brukte, lette, likte, lovte (øg -et, -de), ropte, roste, smakte, strevde (øg -et), svarte, vågde (øg -et)*. Me finn soleis ikkje t.d. formene *hopte* og *snakte* i nynorsk skriftmål, endå dei finst i talemålet. Det er òg grunn til å venta fleire overgangar frå a- til e-bøying i framtidig nynorsknormering etter mønsteret i bokmål, slik nemndi alt har gjort for *lima* og *trena*, d.e. *lima -a* el. *-te* → *lima -te*; og *trena -a* → *trena -a* el. *-te* (båe etter mønsteret i bokmål *limte*; *trenet* el. *trente*).

Me kjem dessutan i under kvifor fagråd 3 ikkje gjeng imot blanda bøying når dei samstundes meiner at det er eit «kompliserande systemdrag». For det er få ting som meir rotar til stabiliteten enn dette. Skilet millom a- og e-verb er alt ustabil i nynorsk, serleg viser a-bøying seg i preteritum av mange e-verb, men ikkje i presens og supinum, jf. utgreiing om *brøyta* i notatet vårt 14. august. I neste venda kjem dette berre til å draga med seg former som *kalte* og *klagde* etter mønsteret i bokmål, av di det er mønsteret i bokmål som i røyndi ligg til grunn for blanda bøying i nynorsk skriftmål. Her burde nemndi heller ha laga eit fastare system, og gjort skilet millom e- og a-bøying klårare.

2.3 j-innskot etter g og k

Nemndi gjer ei rad former med og utan j-innskot valfrie, serleg i verb, t.d. *ynskja* el. *ønskja* v. → *ynskja* el. *ynska* el. *ønskja* el. *ønska*, der *ynska* og *ønska* er nyinnførde. Det er ingenting som skiplar stabiliteten meir enn dette, eller gjer normi meir utydeleg, etter di j-innskot i verb etter velar (*g* og *k*) er eit tydeleg merke på kva bøyingsklassa verbet høyrer til. Me kan her minna om kva dissensen i rettskrivingsnemndi 2002 skreiv i samband med jamstellingi av verbformer utan j-innskot:

«I den gjeldande rettskrivinga for nynorsk er det ei stor gruppe verb som har infinitiv på *-gj-* / *-ggj-* / *-kj-* / *-kkj-* + infinitivsending. Mange av desse

verba har sideform i infinitiv utan *-j-*, men slett ikkje alle. Dette er ei stor og mangearta verbgruppe, sentralt plassert i verbsystemet for nynorsk på fleire vis, mellom anna når det gjeld inndeling av verba i klassar (ulike klassar svake verb: sterke verb versus svake) og i høve til bøyingsystemet (samsvarsbøyinga).

I og med at verbgruppa ikkje er einsarta frå før, **kan utviding av valfridomen på eitt punkt få følgjer for systemet i nynorsk grammatikk som ein no ikkje har oversyn over, og gje kjensle av systemoppløysing.** [vår uth.]» (Nynorskrettskrivinga – Utgreiing om og framlegg til revisjon av rettskrivinga i nynorsk s. 203)

Det verkar elles til at nemndi opnar for valfridom etter stomnutgang på dobbel konsonant, soleis at me etter systemtvang fær former som *telgja v.* → *telgja* el. *telga*, der bokmål berre har *telgje* (i verb med stomnutgang på éin konsonant er det vanskeleg å taka bort *j*-innskotet, t.d. *fløygja*). Men det er ei rad verb med stomnutgang på dobbel konsonant nemndi ikkje har nemnt, t.d. *dørgja*, *elgja* (a-verb), *fergja*, *hyrgja*, soleis verkar denne normeringi heller slumpesam.

Når nemndi fyrst har gjort *j*-innskotet valfritt i ei rad ord, skjønar me ikkje kvifor nemndi tek ut *j*-innskot i tri adjektiv, d.e. *-eggja* el. *-egga* adj. → *-egga*; *-rygga* el. *-ryggja* adj. → *-rygga*; *-skjeggja* [*-skjeggja*] adj. → *-skjeggja*. Og kva med *bylgjut* el. *bylgut*, *eggjut* (!), *klengjut* el. *klengut*, *skjeggjut* (!) el. *skjeggut* som nemndi ikkje har dryft? Det skal sameleis enno heita *hyggjeleg* el. *hyggeleg* adj., *rekke*(vidd) el. *rekke-*, *styggeleg* el. *styggeleg* adv., *styrkje*(belte) el. *styrke-*. Ein slik inkonsekvens lagar berre rot.

Me skjønar heller ikkje kvifor nemndi blandar inn den palatale austlandske uttala i konsonantsambandi *lg* og *rg*, t.d. *elg* og *arg* (jf. innstillingi s. 79). Det er ei avsporing. I tilfelle som *fylgja v.* og *syrgja v.* er det tala om morfologiske endingar, ikkje ulike realiseringar av ulike fonem. Det er òg ei avsporing når nemndi viser til Ivar Aasen (innstillingi s. 73):

«Skrivemåte med eller utan *j* etter *g* og *k* framfor endingsvokal har alltid vore eit vanskeleg spørsmål i nynorsk. Aasen vakla sjølv noko i skrivemåten av palatale lydar, og normeringa har variert, utan at det ligg noko klart mønster til grunn.»

Variasjonen det er tala om her, er om den palatale realiseringi av *k* og *g* føre *e* i endingar skulle skrivast ut med *j*, soleis eit *stykkje* eller fleire *bekker*. Dette er eit heilt anna spørsmål enn det nemndi har føre, med di *e* er ein palatal vokal (attåt å stå for *schwa*) og dimed kan signalisere palatal uttala anten det stend ein *j* føre eller ikkje. Det er annarleis med *a*, som ikkje er palatal, og som difor ikkje kan signalisere palatalisering åleine.

Mønstret som har fest seg for korleis ein skriv palatal framburd på nynorsk, som er gjeldande rettskriving i dag, er å ikkje skriva *j* føre arkifonemisk *e*³ anna enn i presens, der *j*-en heng i hop med *-ja* i infinitiv, i nokre inkjekjønnsord med *g* (*læggje*)⁴, og so i sume einstaka ord (*ikkje*). Skrivemåtar som *tenka* er derimot meir eller mindre ortofone skrivemåtar av eksplisitt ikkje-palatal uttala etter mønster frå bokmål.

³ Derimot i *e /ə/ < a, o*, som t.d. *bylgje*, *bylgjer* for *bylgja*, *bylgjor*.

⁴ Mønstret i denne gruppa er skipla med di det vart innført nye offisielle skrivemåtar som *løye* for *løgje* for mange av dei mest nytta ordi.

Substantivbøying

3.1 Genus i substantiv på *-sel/-sle*

Nemndi vil gjera alle sterke hokjønnsord på *-sel* til hannkjønnsord. t.d. ‘ei ferdsel’ : ‘den ferdsla’; ‘ei skirsel’ : ‘den skirsla’ → ‘ein ferdsel’ : ‘den ferdselen’; ‘ein skirsel’ : ‘den skirselen’. Jf. s. 133–4 i innstillingi. I denne utgreiingi er det berre søkt i den oppmerkte bolken av nynorskorpuset, som i stort svarar til tekster etter 1938.

3.1.1 Talemåls- og skriftgrunnlag

Ikkje få hokjønnsord skil millom ei sterk form *-sel* og ei linn form *-sle*, som i bøygde former fell saman i skrift. Soleis kan bundi form eintal *ferdsla* og fleirtal *ferdsler* visa anten til *ferdsel* f. eller til *ferdsle* f. i skrift.⁵ Skilet millom *ferdsla* og *ferdsler* av anten *ferdsel* f. eller *ferdsle* f. kjem derimot fram i tala i form av ulikt tonelag. Suffikset *-sel* har tradisjonelt vore hokjønnsuffiks i alle dialektar, og er det enno, so framt dialekten har gjennomført hokjønn. Tilfelle der *-sel* har vore hannkjønnsuffiks, er sers fåe, og det er då tala om lån frå dansk. Nemndi lagar derimot sin eigen konklusjon heilt på eigi hand:

«I dag er det ganske vanleg å oppfatta suffikset *-sel* som eit hankjønnsuffiks [...], sjølv om det tradisjonelt har vore hokjønnsuffiks i mange dialektar.»

Korleis nemndi kan konkludera soleis når talemålsgrunnlaget ikkje er undersøkt (jf. bolken om talemålsgrunnlag i innstillingi), er ei gåta. Det er dessutan symptomatisk for denne nemndi at talemålsgrunnlaget ikkje vert dryft når skrift åleine ikkje kan avgjera formi.

I vurderingi av val av genus skriv nemndi:

«Både variantane *-sle* og *-sel* står rimeleg sterkt i rettskrivinga. Det er ikkje uvanleg å oppfatta *-sel* som eit maskulint suffiks; eit søk på **ferdselen* gir 36 treff, og **hørselen* gir 10 treff.»

Her har nemndi teke inn ei rad tilslag frå bokmålstekster. Søkjer me sjølv med søket [word = “**ferdselen*” & msd = “SA.*”], fær me 36⁶ tilslag, herav 8 tilslag frå bokmålstekster, soleis at det røyngle talet er 28 tilslag. Men det store metodiske lytet ligg ein

⁵ Derimot kan fleirtal *ferdsler* berre visa til *ferdsle* f., og bundi form *ferdsli* berre visa til *ferdsel* f.

⁶ Ein dublett frå Nationen 2007 utteken.

annan stad – d.e. at det er meiningslaust å seia at «*ferdselen gir 36 treff, og *høyrselele gir 10 treff» når ein ikkje tel opp tilsvarande hokjønnsformer, d.e. *ferdsl-a* (i-mål *ferdsli*).

Grunnen til at nemndi ikkje greier å løysa denne metodiske floka, er at dei langt på veg seier at det er umogeleg:

«Nynorskorpuset gir mange treff på til dømes *høyrsele*, men det går sjeldan fram av setninga om det blir oppfatta som hankjønns- eller hokjønnsord, fordi det ofte står utan artikkel eller andre bestemmarord.»

Men det er ikkje so vanskeleg som nemndi skal ha det til, dersom me veit kva me leitar etter. Det er rett at ubundi form er tvitydig, og det er sameleis uråd å vita kva tonelag ei bundi form som *ferdsle* i skrift løyner. Difor må me gjera ei meir analytisk tilnærming, t.d. å jamføra distribueringi av tilslagi av *ferdsel* : *ferdselen* – *ferdsle* : *ferdsle*. Når me då fær desse tilslagi (samla tal på samansette og usamansette ord i parantes): *ferdsel* × 467 (2659) : *ferdselen* × 19 (28) og *ferdsle* × 100 (555) : *ferdsle* × 94 (259), er det ein sterk indikasjon på at *ferdsel* oftast er hokjønns. Trass i at *ferdsel* gjev nær 5 gonger fleire tilslag enn *ferdsle* i samansette og usamansette ord, gjev *ferdsle* nær 5 gonger fleire tilslag enn *ferdselen* i usamansette ord, og over 10 gonger fleire tilslag i alt. Det er då opplagt at fleirtalet av tilslagi av *ferdsle* er bundi form av *ferdsel*, og at *ferdsle* målber to ulike uttalevarianter – éin med einstavingstonelag og éin med tostavingstonelag.

Jamfører me dei andre formene nemndi vil gjera til hankjønnsformer, ser me same tendensen over heile fjøli (av typen [word = “*ferdselen” & msd = “SA.*”]):

blygsel × 52 (52) : blygselen × 0 (0) – blygsle × 3 (3) : blygsle × 3 (3)
 drygsel × 1 (1) : drygselen × 0 (0) – drygsle × 1 (3) : drygsle × 0 (0)
 gløymsel × 2 (2) : gløymselen × 2 (2) – gløymsle × 72 (72) : gløymsle × 68 (69)
 glømsel × 0 (0) : glømselen × 1 (1) – glømsle × 1 (1) : glømsle × 4 (4)
 ferdsl × 467 (2659)⁷ : ferdsl × 19 (28)⁸ – ferdsl × 100 (555) : ferdsl × 94 (259)
 høyrsele × 41 (51) : høyrsele × 10 (10) – høyrsele × 11 (119) : høyrsele × 46 (70)
 hørsel × 24 (25)⁹ : hørselen × 10 (10)¹⁰ – hørsle × 2 (8) : hørsle × 12 (13)
 kveiksel × 0 (0) : kveikselen × 0 (0) – kveiksle × 1 (1) : kveiksle × 0 (0)
 pløgsel × 0 (0) : pløgselen × 0 (0) – pløgsle × 0 (4) : pløgsle × 0 (1)
 skirsel × 0 (0) : skirselen × 0 (0) – skirsl × 1 (1) : skirsl × 3 (3)
 trengsel × 54 (56)¹¹ : trengselen × 26 (30)¹² – trengsle × 6 (6)¹³ : trengsle × 17 (18)
 tyngsel × 4 (4) : tyngselen × 0 (0) – tyngsle × 31 (34) : tyngsle × 11 (12)

⁷ 467 og 2659 er estimat. Søk på usamansette former gav i alt 584 tilslag, der me legg til grunn at 20 % er bokmål. Samansetjingar med *-ferdsel* gjev for mange tilslag; søk på 2009, som er 16,56 % av alt tilfanget i korpuset, gjev 285 tilslag, herav mange tilslag av bokmål. Dersom me då seier at 2009 er 17,56 % av alt tilfanget etter 1938, eller i alle fall 17,56 % av tilfanget som er oppmerkt, kan me føra opp eit estimat $100/17,56 \times 467 = 2659$. Dette samsvar godt med tilhøvet millom samansette og usamansette former av *ferdsle*.

⁸ 8 tilslag frå bokmål uttekne.

⁹ 14 tilslag frå bokmål uttekne.

¹⁰ 16 tilslag frå bokmål uttekne.

¹¹ 20 tilslag av *fortrengsel* uttekne, alle i samnhengen ‘til fortrengsel’, og soleis er genus irrelevant. 8 tilslag av *trengsel* frå bokmål uttekne.

¹² 8 tilslag frå bokmål uttekne.

¹³ 2 tilslag av *fortrengsle* uttekne.

Som me ser, har mange av ordi på *-el* låg frekvens, berre *blygsel*, *ferdsel*, *høyrsel* og *trengsel* skil seg ut. Det me kan merkja oss, er den låge frekvensen av bundi form *-selen*, jamført med ubundi form *-sel*, i høve til bundi form *-sla*, jamført med ubundi form *-sle*. Berre bundi form *trengselen* skil seg noko ut.

høyrsel og *høyrse* er ikkje heilt samanfallande i tyding, og *høyrse* er oftare lekk i samansetjingar. Men ser me på den etter måten høge frekvensen av den usamansette formi *høyrsla*, indikerer det at formi løyner to uttalevariantar.

I tillegg til desse ordi kjem ein brote med ord på *-sel/-sle* f. som nemndi ikkje eingong har dryft. Mange av desse vantar heilt tradisjon og talemålsgrunnlag for hannkjønn. Ei form som *skirselen* er krona på verket.

Grunnen til denne nyinnføringi tykkjest heller å vera dei frekvente hannkjønnsordi *førsel* (el. *førsle* f.), *køyrsel* ~ *kjørse* (el. *køyrse* f.), *lengsel* (el. *lengsle* f.), *redsel* (el. *redsle* f.) og *vigsel* (el. *vigsle* f.). Men jamvel i ord på *-sel* som etter gjeldande norm berre er hannkjønn, er hokjønn sterkt til stadar (av typen [word = “.*ferdselen” & msd = “SA.*”]):

førsel × 0 (1097)¹⁴ : førselen × 0¹⁵ (206)¹⁶ – førsle × 2¹⁷ (120) : førsla × 1 (134)
 køyrsel × 1 (46) : køyrselen × 0 (28) – køyrse × 0 (168) : køyrsla × 4 (223)
 kjørsel × 0 (18)¹⁸ : kjørselen × 0 (20)¹⁹ – kjørsle × 0 (3) : kjørsla × 0 (15)
 lengsel × 137²⁰ (164)²¹ : lengselen × 0 (10)²² – lengsle × 12 (13) : lengsle × 26 (27)
 redsel × 67²³ (68) : redselen × 17²⁴ (17) – redsle × 418 (427) : redsle × 241 (260)
 vigsel × 91²⁵ (96)²⁶ : vigselen × 36²⁷ (36) – vigsle × 20 (26) : vigsle × 28²⁸ (35)

Endå tendensen ikkje er like klår her som i førre bolk, ser me lett at det er eit mis-høve millom ubundi og bundi form av hannkjønnsordi, og ubundi og bundi form av hokjønnsordi, soleis at skriftformi *-sla* løyner to uttalevariantar. Det er grunn til å tru at mange uttalar t.d. *lengsle*, *redsle* med einstavingstonelag. Dersom ein skal utvida normi, hadde det soleis vore betre å godtaka hokjønn i tillegg til *-sel* m. i desse ordi. Konklusjonen er soleis at ord på *-sel* i høg grad vert tolka som hokjønn, jamvel i ord

¹⁴ 1097 er eit estimat. Samansetjingar med *-førsel* gjev for mange tilslag; søk på 2009, som er 16,56 % av alt tilfanget i korpuset, gjev 288 tilslag; herav mange tilslag frå bokmål, soleis at me legg til grunn tilhøvet millom bokmål og nynorsk for *-førsel* til grunn: 206/(206 + 103). Dersom me då seier at 2009 er 17,56 % av alt tilfanget etter 1938, eller i alle fall 17,56 % av tilfanget som er oppmerkt, kan me føra opp eit estimat $100/17,56 \times 206/(206 + 103) \times 288 = 1097$. Men talet er truleg mykje høgare, etter di ubundi form er vanleg i byråkratisk stil, og mykje av tilslagi er frå offentlege dokument.

¹⁵ 1 tilslag av *førselen* er misstaving av *fødselen*.

¹⁶ 103 tilslag frå bokmål uttekne.

¹⁷ 1 tilslag av *førsle* er misstaving av *første*.

¹⁸ 46 tilslag frå bokmål uttekne.

¹⁹ 58 tilslag frå bokmål uttekne.

²⁰ 36 tilslag frå bokmål uttekne.

²¹ 25 tilslag frå bokmål uttekne.

²² 3 tilslag frå bokmål uttekne.

²³ 30 tilslag frå bokmål uttekne.

²⁴ 11 tilslag frå bokmål uttekne.

²⁵ 10 tilslag frå bokmål uttekne.

²⁶ 1 tilslag frå bokmål utteke.

²⁷ 4 tilslag frå bokmål uttekne. 24 av 36 tilslag er frå odelstingsmeldingar; eit godt døme på kor representativt dette korpuset er.

²⁸ 118 tilslag av verbet uttekne.

som etter gjeldande norm berre er hannkjøn – stikk i strid med det nemndi hevdar. Det kan vera at frekvente samansetjingar med t.d. *kjørse* (ikkje *køyrse*) og førsel oftast er hannkjønn, men kan det vera eit grunnlag for å utradera hokjønn i alle ord på *-sel*? Og korleis kan dette mona når nemndi elles opnar for komplekse reglar med skiftande genus i ord på *-skap*?

Til sist skriv nemndi:

«Det trengst ei opprydding i substantiv som endar på *-sle* eller *-sel*. Det er ei forenkling om *-sel* i framtida markerer hankjønnsbøying (ev. nøytrumsbøying), og *-sle* hokjønnsbøying.»

Hadde nemndi halde seg undan hokjønnsordi på *-sel*, hadde me ikkje tronge ei opprydding. Når nemndi gjer alle sterke hokjønnsord på *-sel* til hankjønnsord, skiplar dei eit mønster som i utgangspunktet ikkje tykkjest vera serleg ustabil. Problemet med slike innføringar som ‘ein gløymse’ eller ‘ein ferdsel’ er at dei trengjer ut ‘den gløymsla’ og ‘den ferdsla’, soleis at me fær ‘den gløymse’ og ‘den ferdselen’, og i neste vending ‘den gløymse’ og ‘den ferdselen’; eller me fær hybridar som ‘ein gløymse’, men ‘den gløymsla’ i éi og same teksti.

3.2 Bøyde former av framandord på *-on*, *-ium*, *-ius*, *-um*, *-us*

Ei rad framandord fær obligatorisk samsvar med vanleg nynorsk bøyingsmønster i rettskrivingsframlegget. Dette er etter vår meining eit uturvande avvik frå bokmål; det rører seg her om ord som høyrer til ein serskild sfære, eller: dersom nokon fyrst skriv *akrostikon*, trur me ikkje at skrivaren vert vildra av valfridomen millom fleirtal *akrostikon* el. *akrostika*. Nemndi skriv i grunngevingi:

«Rettskrivingsnemnda frå 2000 gjorde eit grundig arbeid med å vurdere desse orda. Formene som er tekne ut, er heller lite i bruk i skrift. Dessutan blir det mykje lettare å bøya desse orda når ein kan seia at dei blir bøyde i samsvar med vanleg nynorsk bøyingsmønster.» (s. 126–7)

Men endå sume verb fær obligatorisk samsvar med vanleg nynorsk bøyingsmønster i rettskrivingsframlegget, er det likevel undantak. Her burde nemndi i staden ha opna for full valfridom. Det er heller ikkje berre eit spørsmål om å fylgja vanleg nynorsk bøyingsmønster, men òg eit spørsmål om å fylgja eit mønster som er tillempa ljodbiletet i nynorsk, t.d. *radius : radien : radiar : radiane; justitarius : justitarius : justitarius : justitarius*. I rettskrivingsframlegget skal det derimot obligatorisk heita *radius : radiusen : radiusar : radiusane* og *justitarius : justitarius : justitarius : justitarius*. Dette læt ikkje vel, og det er gode gunnar til at slike stuttformer har lang tradisjon i nynorsk (og bokmål).

Nemndi er òg på kollisjonskurs med vanleg skrivepraksis når dei forbyd bøyngi *studium : studiet : studia : studia* og gjer bøyngi *studium : studium : studium : studium* obligatorisk.²⁹ Samleis når nemndi forbyd fleirtalsformi *fora* (til *forum*), eller forbyd

²⁹ Med desse søki med Google fær me desse tilslagi: “desse studiuma” site:.no × 2, “dei studiuma” site:.no × 0; “dei studia” site:.no × 347, “desse studia” site:.no × 850 tilslag.

stuttformer som *geranien* : *geraniar* (til *geranium*) og gjer *geraniumen* : *geraniumar* obligatoriske. Til alt overmål held nemndi på valfridom i *atrium* : *atriet* el. *atriumet* : *atria* el. *atrium* : *atria* el. *atriuma*. Dette skjønar me ikkje.

Når nemndi forbyd fleirtalsformi *leksika* og gjer *leksikon* obligatorisk, tek dei dessutan bort ein tydingsskilnad. Det er ein skilnad millom ‘ulike leksikon’ og ‘ulike leksika’, på same måte som det kan vera ein skilnad millom ‘ulike medium’ og ‘ulike media’. *leksikon* tyder ‘ensyklopedi’, medan *leksika* meir ålment tyder oppslagsverk (t.d. ordbøker).

Skulle ein ha gjennomført vanleg nynorsk bøyingsmønster her, måtte ein helst ha teke utgangspunkt i stuttformene, d.e. eit *studie* : *studiet* : *studie* : *studia*; ein *radie* : *radien* osb.

3.3 Samandraging av trykklinn ending i bøygde former

Flest alle inkjekjønnsord på trykklinn *-er* og *-el* kan i gjeldande rettskriving ha valfri samandraging i eintal, t.d. *stengselet* el. *stengslet*; *hinderet* el. *hindret*; *teateret* el. *teatret* (sume undantak, t.d. *døgeret* : *døgra*; *nummeret* : *nummera*; *sifferet* : *sifra*). I fleirtal har inkjekjønnsord på trykklinn *-el* obligatorisk samandraging, t.d. *stengsla*, medan flest alle inkjekjønnsord på trykklinn *-er* har valfri samandraging i fleirtal, t.d. *hintera* el. *hindra*; *teatera* el. *teatra*.

I rettskrivingsframlegget (s. 119 ff.) skal alle inkjekjønnsord på trykklinn *-er* ha obligatorisk fullform i eintal og fleirtal, t.d. *hinderet* : *hintera*; *teateret* : *teatera*, medan nær sagt alle inkjekjønnsord på trykklinn *-el* skal ha fullform i eintal, men samandraging i fleirtal, t.d. *stengselet* : *stengsla*.

Eit slikt rettskrivingskifte må seiast å vera radikalt, og i strid med mykje skriftpraksis. Når *kjørel* n. og *barsel* n. vert dei einaste ordi i rettskrivingsframlegget med valfri samandraging i eintal og fleirtal, kjem me berre i under over mikronormeringi og interessa for meiningslause detaljar. Her burde det heller ha vore full valfridom millom samandraging eller fullformer, anna enn i sume opplagde tilfelle, ikkje ei lista med undantak. Søk som nemndi sjølv har gjort i nynorskkorpuset, viser at fullformer er i strid med mykje skriftpraksis, serleg lånord og serleg fleirtal (innst. s. 122):

middelet:	95 treff	*middela:	3 treff
midlet:	31 treff	midla:	110 treff
mønsteret:	420 treff	mønstera:	23 treff
mønstret:	44 treff	mønstra:	13 treff
teateret:	355 treff	teatera:	16 treff
teatret:	630 treff	teatra:	62 treff
døgeret:	230 treff	døgera:	6 treff
døgret:	37 treff	døgra:	8 treff

senteret:	955 treff	sentera:	22 treff
sentret:	43 treff	sentra:	130 treff
mørkeret:	1 treff	*våpena:	7 treff
mørkret:	960 treff	våpna:	240 treff

Det må vera noko alvorleg gale med den grammatiske oppmerkjingi i nynorsk-korpuset. Søkjer me sjølve, gjev *mønster*a 23 og *mønstr*a 34 tilslag³⁰. Det er grunn til å tru at dette ikkje er eit undantakstilfelle, slik som me tidlegare har vist. Anten greier ikkje den automatiske grammatiske oppmerkjingi å fanga opp formi *mønstr*a, eller so vert formi blanda saman med verbet. Soleis er det berre *døgeret*, *middelet*, *senteret*, *mønsteret* i desse søki som har fleire fullformer enn samandregne former, og ingi i fleirtal, likevel skal samandregne former ut. Talet på tilslag av *middelet* er elles 84–86 når tilslag frå bokmål er uttekne.

Me kan elles merkja oss at søk med Google av typen “sifret site:.no” gjev 98 700 tilslag for *sifret* og 20 500 *sifferet* (*siffera* gjev 1 620, *sifra* gjev 97 900). Som me veit, er *sifret* ikkje gjeldande norm. Me må soleis venta oss ei rad med mistak hjå nynorskbrukarar når samandraging fell bort.

³⁰ Éin dublett av *mønstr*a, og 236 tilslag av verbet *mønstr*a uttekne. Flest alle tilslagi er frå 2000-talet, berre 2 tilslag føre 1968.

Ulike former

4.1 Suffiks i adjektiv og adverb

Mange adjektiv/adverb har eineformer på *-es* (t.d. *avhendes*, *avleies*, *samrøystes*), sume har valfri form *-es* eller *-s*, t.d. (utan)*byggdes* el. *-bygds*, *hovudstupes* el. *-stups* (el. *-stup*), (å)*leies* el. *-leis*, (bak)*lenges* el. *-lengs*, (gard)*tales* el. *-tals*, (halv)*veges* el. *-vegs*, (utan)*vegges* el. *-veggs*. I rettskrivingsframlegget tek nemndi ut *-es* i to ord – *-lenges* el. *-lengs* og *hovudstupes* el. *-stups* (og *-stup*) → *-lengs* og *hovudstups*.

Me kjem i under kvifor nemndi har bruka so mykje krefter på småting; me ser ikkje bryet verdt å taka ut *-es* i berre to ord. Nemndi burde heller ha havt ein fastare plan med det dei gjer. *endestupes* el. *-stups* og *framstupes* el. *-stups* har ikkje nemndi eingong nemnt, soleis at regelløysa vert endå større.

Sume adjektiv kan ha valfri ending *-a/-d/-t* og *-es*, t.d. (and)*føtt* el. *-føttes*, (ein)*høgda* el. *-høgdes*, (and)*søles* el. *-sølt*. Her tek nemndi ut éi form, *-høgda* el. *-høgdes* adj. → *-høgda*, som dét skulle ha noko å seia.

I dryftingi av *-et/-ete/-ut* (*-et* og *-ut* skal ut or normi) viser nemndi til ei talemålsundersøking:

‘Talemålsgrunnlag

2002-innstillinga seier om suffikset *-et/-ete/-ut*: «Talemålsundersøkinga Norsk språkråd fekk gjort i 1999, viser at 47,5 % av dei spurde ville sagt *steinete/-ite*, 38,5 % ville brukt forma *steinut/-åt*, medan 11 % ville sagt *steinet*.» (innstillingi s. 157)

Dette er grovt misvisande. I 2002-innstillingi heiter det òg: «*Steinete/-ite*-forma, som er den mest dominerande i materialet, inkluderer òg den nordnorske varianten *steinat*, som er rapportert frå Nordland og nordetter.» (s. 125). Kvifor formene på *-at* er rekna saman med formene på *-ete*, skjønar me ikkje. Det snur resultatet på hovudet. Ho burde vera rekna saman med formene på *-ut*, til liks med *-åt*. Formi *-at* er heller ikkje avgrensa til Nord-Noreg, men er sers vanleg frå Dovre og oppetter, m.a. i Trondheim bymål. Det er i alle fall soleis at den einstava formi er den mest utbreidde i norsk talemål. Thorgeir Holm peika på dette misbruket av statistikk alt i høyringi til 2002-innstillingi.

Merknader til ord og former

► *bakst* el. *bakster* m. → *bakst*; *blåst* el. *blåster* m. ‘vind’ → *blåster*; *rakst* el. *rakster* m. → *rakst*³¹; osb. Berre *jester* m. fær stå attåt *jest*, baa med 0 tilslag i nynorskorpuset, til liks med *fester* f. og *fest*, men *fester* skal ut. Her kastar nemndi terning. Dette er å taka ut sjølvstendige ord, og me skjønar ikkje kvifor det er så mykje om å gjera. Borttakingi gjer i alle fall ikkje nynorsken meir stabil eller lettare å læra.

Her burde nemndi dessutan ha sett på samansetjingar, t.d. *innblåster*, *jarnblåster*, *iblåster* som knapt kan ha anna enn *-blåster*. Det er ikkje utan grunn at det berre heiter *jernblåster* i bokmål. Og kva med å *blåstra* v. og *blåstring*? Grunnen til dei konsekvente dobbeloppføringane *-blåst* el. *-blåster* i Nynorskordboka er systemtvang, utan rot i talemål eller skriftmål. Her stend valet millom å taka ut *blåster* og gjera ei rad undantak for samansetjingar, eller å lata *blåster* få stå jamsides *blåst*, og so fær folk velja sjølve. Valet burde vera lett. Same gjeld dei andre ordi med valfri *-st/-ster*.

► *bed* el. *bedd* m. ‘jordlag; oppbygd pall’ → *bedd*. Formene *bed* og *bedd* målber ulike uttalar, den fyrste har «stum» *d*, jf. *led* /le:/ m. el. *ledd* /led/ n. som fær stå.

► *bygdimellom* el. *bygdemellom* adv. → *bygdimellom*; osb. Her lagar nemndi fullt samsvar med bokmål, der det berre kan heita *-imellom*; dette bryt med mykje talemål, men i nynorsk skrift stend formi *-imellom* sterkt. Desse formene har dessutan to ulike opphav, noko nemndi burde ha nemnt (ei form som *mannimellom* for *mannemellom* høyrest i alle fall underleg ut). Formene kan segmenterast soleis: *bygd-imellom* og *bygde-mellom* (eldre *bygda-*), der siste formi er ein gamal genitiv fleirtal.

► *esing* [æsing] f. el. m. ‘båtripe’ → *esing*. Men det skal berre heita *æsa* v. (NNO II *æsa*).

► *flyga* el. *fly* : *flyg* [flyger] el. *flyr* : *flaug* : *floge* → *flyga* el. *fly* : *flyg* el. *flyr* : *flaug* : *floge*. Til grunngeving for framhald av formene *fly* og *flyr* viser nemndi til desse tilslagi i nynorskorpuset (jf. innstillingi s. 184):

fly 90	flyr 65
flyga/flyge 200	flyg 330

Men det er meiningslaust å søkja etter tilslag av *flyga* : *flyg* og *fly* : *flyr* i nynorskorpuset, slik nemndi har gjort, av di *fly* og *flyga* òg kan vera ulike leksem, d.e. *fly* ‘røma’ : *flyr* : *flydde* : *flytt* el. *flydd* og *flyga* (t.d. om ein fugl) : *flyg* : *flaug* : *floge* < norr. *flýja* og *fljúga*. Søk på preteritumsformene i nynorskorpuset gjev desse tilslagi: *flaug* 880, *flydde* 115.

³¹ Mange av tilslagi nemndi fører opp for *rakst*, er i tydingi ‘straks’, d.e. venteleg ein variant av *rakast*.

► *fyrstundes* el. *førstundes* adv. → *førstundes*. Ordet er liksom mykje anna nemndi set på ut-lista, sjeldsynt. *førstundes* gjev eitt tilslag i nynorsk-korpuset, medan *fyrstundes* gjev 28 tilslag (**fyrst-stundes* gjev 2). I databasen åt Nasjonalbiblioteket fær *førstundes* 107 tilslag, medan *fyrstundes* fær 450 tilslag. Men *fyrstundes* skal altso ut. Nasjonalbiblioteket gjev dessutan 5 tilslag på **først-stundes* og 39 på **fyrst-stundes*.

Ordet kjem av norr. (i) *fyrstunni* dat. av *fyrsta* f. ‘fyrstning’, og soleis burde både *fyrstundes* og *førstundes* få stå når det heiter *fyrst* og *først* adv. Den seinare *s*-endingi og *d*-innskotet kan tyda på ei omtolking til ‘før-stundes’ etter ‘sam-stundes’ (har talara-ne eller ordbokskrivarane mistolka?). Eit lite vink på vegen: Kvar meiner nemndi at sidetrykket i dette ordet ligg? Merk òg at det aldri har heitt *fyr* for *før* i nynorsk, men *fyr*.

► *gag* adj. ‘(tilbake)bøygd’ → *gag* el. **gagg*. Dette må vera den mest kuriøse endringi av nemndi (jf. innstillingi s.64). Det har aldri heitt noko anna enn *gag* i nynorsk-rettskrivingi; talemålet har heller ikkje havt noko anna enn uttala /ga:g/ (jf. uttala av *sag* f.). Her har nemndi greitt å rota saman adjektivet *gag* med substantivet *gag* el. *gagg* m. (utt. gægg; lån frå engelsk) ‘komisk innslag’.

► *kiming* el. *kimming* f. ‘synsrand’ → *kimming*. *kimming* gjev ingi tilslag i nynorsk-korpuset, medan *kiming* gjev 8 i denne tydingi. Me kjem berre i under over denne hangen hjå nemndi til doble konsonantar, jamvel på so tunt grunnlag.

► *midd* el. *mit* m. → *midd*. Ordi er ikkje samanfallande i tyding. *mit* er òg nytta om andre insekt enn ‘lite kongrodyr’.

► *møl* el. *møll* m. ‘eit insekt’ → *møll*. Er *møl* berre nytta om insektet? For noko *møl*.

► *sjaga* el. *skjaga* v. → *sjaga* ‘gå ustøtt’. Kva byggjer nemndi dette på?

► *skuls* el. *skult* adj. → *skuls*. Kva med *skulsa* el. *skulta* v. som fær stå?

► *sluntra* el. *sluntra* v. → *sluntra*. Desse er ikkje synonyme. *sluntra* er spesifikk i tydingi ‘sluntra unna’, medan *sluntra* ligg ein stad millom ‘sluntra’ og ‘slanta’. Her kunne nemndi ha greitt ut om suffikset *-ra*, endå sume former torde vera synonyme, t.d. *snylta* el. *snyltra* v.; *oppstyltra* el. *oppstyltra* adj.; *stylte* el. *styltre* f.

► *strid* f. ‘hardt strev’ → **stri*. Her lagar nemndi ei heilt ny (ortofon) form. På hi sida fær me *strid* [*stri*] adj. → *stri* el. *strid* adj., men berre *strid* m. Eit godt døme kor prinsippause nemndi kan vera, eller rettare: Her fylgjer nemndi riksmålsprinsippet for normering av nedervde norske ord (ortofoni), medan ord i den norsk-danske skriftradisjonen fylgjer andre prinsipp. Ingi samanhengar gjeld lenger.

► *trug* m. el. *truge* f. → *truge*; *blekksprut* m. el. *blekksprute* f. → *blekksprut*; *krydde* f.; el. *krydd* el. *krydder* n. → *krydder*; *ørsk* el. *ørskan* adj. → *ørskan*; osb. Desse ordi har alle ulik ordlaging. Når nemndi fyrst skal borti slike ord, er materialet endelaust. Mange slike ord har ikkje nemndi eingong dryft. Det er ein drope i havet. Kva ord som skal få vera eller skal ut, er heilt vilkårleg.

Ikkje alle stutt- og langformer er heilt synonyme heller, jf. utgreiingi om *verd* og *verde* i notatet vårt 14. august.

► *tommelfinger* el. *tumarsfinger* m. → *tommelfinger*. Men *tumarstott* (*tommeltott*) skal ikkje ut (denne gongen)! *tumarstå* fall ut etter 1938. Er det eit jubileum?

Ordet *tommel* viser til gamalnorsk *þumall* (dersom me skal vera greie å seia at formi *tommel* er nedervd), medan *tumars-* viser att austnorsk uttala av *tumals-* der /t/ + /s/ → /s/. Målføri syner ymsing med ù/ò, m/mm og jamning/veikjing av *-al*, men *-s-* ter att i alle formene³²; *tommelfinger* utan fuge er difor ei bokmålsform, og syner korleis nemndi på autopilot vel bokmål som ny «samnemnar» ved nynorsk formsprik.

► *arr* el. *ær* n. → *arr*; *bønne* el. *baune* f. → *bønne*; *drøpel* el. *drøvel* m. → *drøvel*; *flid* el. *flit* m. → *flid*; *kvae* el. *kvåe* → *kvae*; *lerefte* el. *lerret* n. → *lerret*; *koppul* el. *kuppul* m. → *koppul*; *kvarg* el. *kvark* m. 'fersk ostemasse' → *kvarg*; *sludd* el. *slut* n. → *sludd*; *spryd* el. *spryt* f. (som i *baugspryd*) → *spryd*; *star* el. *stær* m. 'ein sjukdom' → *stær*; *stoll* el. *stull* m. → *stoll*; *skrog* el. *skrov* n. (fly-) → *skrog*; *terskel* el. *treskel* m. → *terskel*; *tjor* el. *tyr* m. 'ukse' → *tyr*; *øgle* el. *ødle* f. → *øgle*.

Slike meininglause uttak tykkjest vera «det store spranget framover» i den nye rettskrivingi, for å få ned den nominelle valfridomen. Men kva skade gjer desse i rettskrivingi? Har borttakingi noko å seia for stabiliteten og formspriken i nynorsk? Har borttakingi nokon annan konsekvens enn at ein ikkje finn desse ordi dersom ein slær opp i ordboki? Me reagerer serleg på borttakingi av *ær*, *baune*, *tjor* og *ødle* i byte med erkedanske former.

³² «tomafing(er)» frå Forsand i Ryfylke må vera ei nylaging etter *tume*.

Avstyttingar

adj.	adjektiv
adv.	adverb
dat.	dativ
f.	hokjønn
m.	hannkjønn
n.	inkjekjønn
NNO	Nynorskordboka
norr.	norrønt (gamalnorsk)
pret.	preteritum
v.	verb

Corrigenda

Corrigenda til notatet 14. august 2011:

s. 11:

[word = brøyter” & ref = “.*(199[1-9]]20[0-1][0-9]).*” & ref != “.*Firda.*”]
→ [word = “brøyter” & ref = “.*(199[1-9]]20[0-1][0-9]).*” & ref != “.*Firda.*”]

s. 16:

Aasen hadde med sers fåe unnatak pret. -te etter *k, p, r, s, t*
→ Aasen hadde med sers fåe unnatak pret. -te etter *k, p, s, t*

s. 25:

Serleg ikkje når me veit at det er kring 86 millionar ord i det nynorske tekstkorpuset
→ Serleg ikkje når me veit at det er kring 86 millionar ord i det nynorske tekstkorpuset
(88,64 % av dette etter 1938)